

## Rådmannen

Dykkar ref.                      Vår ref.                      Saksh. – tlf.                      Dato  
2009/310 - 24143/2009      Nina Foldnes - 56326400      01.12.2009

### **Møtereferat - kommunalt Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 18.11.09**

**Tilstades:** Bjørnar Fjellhaug, Birgitte Hjertås, Morten Mortensen, Svein A. Pedersen

**Frafall:** Gunnar Angeltveit, Mari Mikkelborg

**Andre:** Steinar Nesse, Rådmann i Fjell kommune  
Hildegunn Vengen, Sosial

#### **41/09-Godkjenning av møtereferat og møteinnkalling**

Ingen merknader.

#### **42/09-Skriv og meldingar**

Utdeling av Magasinet, utgjevar er Bryt Lenkene AS, som er eigd og driven av funksjonshemma.

#### **43/09-Besøk av Rådmannen**

Rådmannen opna møte med å informere litt om den nye Straume- planen. Det blir teken omsyn til universell utforming i denne planen. Universell utforming vert utført i alle offentlege bygg og vegar. Vidare fortale han at når rådhuset vart bygd hadde Gerd Lie vore med på å komme med gode innspel til bygget, og at det var veldig viktig med gode innspel ,gjerne frå brukarane sjølv ,då dei har ei mykje større forståing for kva problem som kan oppstå. Rådmannen foreslo at Rådet skulle lage eit forslag til ei hugseliste som kan bli brukt når ein skal lage nye bygg, vegar osv. Rådmannen sa at det var veldig viktig at det vart sendt inn klage når nokon følte seg diskriminert, og vere konkrete. Når det bli sendt inn ei offentleg klage blir saka alltid handsama. Rådmannen syntest at det var veldig viktig at det blei teken omsyn til funksjonshemma og at dei bli behandla likt som alle andre. Dette kjem til å bli ein høgare prioritet i årane som kjem. Rådmannen oppfordra til å bruke stønadsmidlar frå Husbanken til ombygging av hus til funksjonshemma.

#### **44/09 – Informasjon ved Hildegunn Vengen**

Hildegunn Vengen sa at dei framleis slit med å få støttekontaktar. Dette er eit problem som er ikkje er unikt for Fjell, men som dei fleste kommunar strir med. Noko av grunnen til at det var enklare å få seg støttekontakt i byen er kanskje at det er fleire studentar der , og at timeløna er noko høgare. Kva som gjer at timeløna er lågare i Fjell kunne ho ikkje svara på. Dei brukarane som ikkje har støttekontakt kan være med i ei gruppe på 3 og 4 personar. Det er og gode tilbud for brukarar som handball, fotball , symjing osv. Informasjon om dette skal ligge på Fjell kommune si heimeside. Vidare fortalte Hildegunn at dei har no prøvd å rekruttere støttekontaktar frå treningssenteret Sveitt & Blid, og at dei skulle ha stands på Sartor senter om korleis ein kunne bli støttekontakt. Hun oppmoda Rådet til å spreia informasjon om kva ein støttekontakt gjer , og at alle kan bli det som er over 18 år .

#### **45/09 – Gjennomgang av daghandboka.**

Denne saka vart utsett til neste møte.

#### **46/09 – Tilgjengepris/budsjett**

Vi har no motteke tilskot til gåve. Komite for drift har vedteke å gje kr. 10000 i stønad til Tilgjengeprisen. Rådet vedtok at premien skal vere på kr. 5000,- og eit kunstverk for det resterande beløpet. Rådet ser på lokalkunst når ein vedtek å dele ut prisen. Sidan vi er så seint på året, vel vi å gje ut prisen tidleg på nyåret. Informasjon om prisen vert sendt til Vestnytt og heimesida. Ein ber om å få innspel på kandidatar innan 31.desember. Rådet handsamar innkomne kandidatar på møtet i januar. Det vart vedteke å kalla inn til budsjettmøte måndag 07.desember for å handsama innspel til budsjett og handlingsplan. Høyringsfristen er i midten av desember. Det er viktig at Rådet kjem med innspel til budsjettprosessen. Budsjettpapira vert sendt ut til medlemmane.

#### **47/09 – Eventuelt**

Rådet vil at sekretæren skal ha ein større funksjon i rådet. Rådmannen sa at slik som det var i dag, var det ikkje midlar til det . Rådmannen peika på at førebels er sekretæren sin funksjon å skrive referat og innkalling.

Birgitte Hjertås kjem til å trekke seg frå Rådet , då ho er flytta til ein annen kommune.Så lenge det ikkje er vald ny representant for ho vil ho møte i Rådet.

Leiar hadde skrive framlegg til svarbrev frå Rådet om brevet Rådet hadde motteke frå Gerd O.Lie. Brevet vart drøfta og det vart gjeve nokre innspel. Leiar fekk fullmakt til å redigere brevet og sende administrasjonen ved Rådmannen.

Med helsing

Bjørnar fjellhaug(s)  
Leiar

Nina foldnes  
Sekretær